

## Referat årsmøte Hordaland Sau og Geit

**28. februar & 1. mars 2014**

### Ullensvang Hotel, Ullensvang

Utsettingar og gjester møtte til årsmøte fredag 28. februar til faginnlegg v/Finn Avdem frå Nortura med tittel "Fleire lam til slakt" Sjå innlegget på: <http://www.nsg.no/hordaland/>

Føredraget blir lagt ut på heimesida til HSG.

Etter faginnlegget vert den årlige årsmøtemiddagen med tilbehør.

Leiar i Indre Hardanger Sau og Geit, Johannes H. Sekse, var toustmaster og hadde eit godt "glimt" i auga denne kvelden.

På programmet stod det:

- \* Utdeling av pokaler for beste værere 2013
- \* Utdeling av statuett for landets beste sjeviovær til Kåre Hole
- \* Markering av beste værering i Hordaland
- \* Påskjøning til sauedommarar som har dømt på kåring i over 20 år
- \* Framføring på toradar av lokal kunstnar Amalie Kinsarvik Tvilde (14 år)

Dette la ei flott ramma rundt Årsmøte!

- **Opning av Årsmøtet:**

Johannes H. Sekse og Nils Inge Hitland.

Johannes H. Sekse fortalte om sauehaldet i Indre Hardanger og om aktivitetane i lokallaget, samt rosa alle for den flotte kåringa som ein hadde i haust i Odda. Han fortalte også om landbruket og næringslivet i Kommunen. Johannes viste bilder og fortalte om dei flotte fjellbeitene i kommunen.

Nils Inge Hitland sa blant anna i sin tale:

- Fortalte om drifta på familiebruket som er under oppbygging
- Får lov og produsera verdas beste lammekjøtt på våre utmarksbeiter
- Ny Giv stor aktivitet, ca. 1800 personar har deltatt på fagdagar og møter
- Rekrutering til småfenæringa er viktig
- Framtidsutsiktene er: Det kjem til å bli større einingar og meir mekanisering. Ein må ha stort fokus på grovfordyrkinga med god kvalitet!
- Vervekampanjen: Så langt 94 nye medlemmer! Takk til alle som bidreg!

- **Namneopprop:**

Alle lokallag møtte med unntak av Granvin, Modalen, Røldal og Øygarden.

I tillegg møtte Tone Våg -leiar NSG, Frode Handeland frå Hordaland Bondelag, Hilde Håland frå Fatland og Karluf Håkull frå Nortura

3. **Godkjenning av innkalling og sakliste.**

**Vedtak:** Godkjent.

4. **Val av 2 personar til å skriva under møteboka:**

**Vedtak:** Gisle Fjæreide og Jan Tommy Midtgård blei valt.

5. **Årsmelding:**

Årsmeldinga blei gjennomgått av Styret, Gjetarhundnemnda, Avlsutvalet for sau.

Svanhild Aksnes gjekk gjenon organisert beitebruk og orienterte frå Fylkesmannen sitt arbeid; blant anna om at kvart bruk som søker tilskot skal ha: Miljøplan og gjødtselsplan. Ho minna og om søknad på fylkesvise regionale midler. Dette blir ikkje varsla i brevform i framtida så den enkelte brukar må søke via nett. Berre 10 % søkte siste året om ekstra tilskåt for sau på utmarksbeite.

Spørsmål / kommentarar:

**John Karsten Raunholm:** Apotek1 har ikkje opplyst om sine utsalg og heller ikkje om avtalen som er inngått mellom HSG og Apotek1.

**John Karsten Raunholm:** Pris på leiarsamlinga stemte ikkje med det ein faktisk betalte.

**Nils Inge Hetland:** Flott evalueringsrapport frå NM i Gjetarhund.

**Vedtak:** Einstemmig godkjent.

**6. Rekneskap:**

Rekneskapen for 2013 blei lagt fram med eit overskåt på kr. 71.768.-.

**John Karten Raunholm:** Lønn til leiar i Avlsutvalet og leiar i Gjetarhundnemnda.

**Ole Andreas Våge:** Kvifor høgare lønsutgifter i 2013?

**Oddvar Lunde:** Har tillit til kostnadsbruken i HSG.

**Vedtak:** Einstemmig godkjent.

**7. Val:**

Leiar i Valnemnda Ola Steinsland la fram forslag frå valnemnda på kandidatar til styret og godtgjersler til tilitsvalde i HSG

**Knut Sygnestveit:** Møter 1. vara på styremøtene i HSG?

Oddvar Lunde: Er betenkt på at budsjett for 2014 er budsjettert med underskåt?

Steinar Steine: Kvifor bruker ein dagsats på kr. 1.300.- og ikkje satsane som NSG brukar?

Nils Inge Hitland: På årsmøte 2013 blei det vedteke at HSG skulle bruke same takstar som NSG. På Landsmøte 2013 blei takstane sett opp, difor har HSG brukt høgare takstar i 2013.

**På val:** Nils Inge Hitland

**Vedtak:** Nils Inge Hitland blei valt med 42 stemmer - 2 blanke

**8. Val av styremedlemmer for 2 år:**

**På val:** Reidar Kallestad og Steinar Steine (Steinar Steine hadde sagt frå seg attval)

**Vedtak:** Reidar Kallestad blei valt med 41 stemmer - 2 blank

Arnt Bakke blei valt med 42 stemmer - 1 blank

**9. Val av nestleiar**

**Vedtak:** Reidar Kallestad

**10. Val av varamedlemmer til styret:**

1. vara: Per Vatna

2. vara: Knut Sygnestveit

3. vara: Kjartan Bergsvåg

**11. Val av møteleiar til årsmøtet 2015 med vara:**

**Vedtak:** John Karsten Raunholm - med Audun Seilen som vara

**12. Godtgjersle til leiar og styremedlemmer:**

**Vedtak:** Ola Steinsland la fram forslag til satsar for tilitsvalde i HSG for 2014:

Kompensasjonen for dei i styret vert begrensa til å gjelde 6 styremøter i året.

Leiarane og medlemmene i avlsnemnd og gjeterhundnemnd får også kr 1.300,- pr. møte dei møter på - inntil 3 møter pr. år

Kompensasjonen til kåringsdommarane vert sett av avlsutvalet.

Utgifter til dommarane skal takast inn via kåringsavgifta.

Kompensasjon til gjeterhundfolk utover kr 10.000,- til leiar og kr 1.300,- til kvar av medlemmane i nemnda - inntil 3 møter i året. Dette vert sett av gjeterhundnemnda og må takast inn på kursavgifter og startkontingentar.

Det kan tenkast at fleirtalet i valnemnda går inn for å bruke NSG sentralt sine satsar for dag kompensasjon, inntil 6 timar- og over 6 timar

Lønn blir da som følger:

Styremedlemmer, nestleiar og leiar; kr 1.300,- pr. styremøte - der dei møter.

Leiar avlsnemnd og leiar gjeterhundnemnd kr 10.000,- til kvar av leiarane

Leiar kr. 23.500,- pr. år

Nest leiar kr. 12.000,- pr. år

Styremedlemmer kr. 1.300,- pr. møte

Leiar avlsutval 10.000,- pr. år

Leiar gjeterhundnemnd kr 10.000,- pr. år

Møter avlsutval kr. 1.300,- pr. møte

Møter gjeterhundnemnd kr. 1.300,-

**13. Val av valnemnd til årsmøtet 2015:**

**Vedtak:** Steinar Steine minna om at ein må hugsa på at geita blir representert i styret.

Reg. 1: Bjarne Berge - vara Ingolf Naustvik

Reg. 2: Jarle Helland - vara John Karsten Raunholm

Reg. 4: Kåre Hole - vara Odd Midtbø

Bjarne Berge leiar i valnemda for 2014 - vara Kåre Hole

**14. Innkomne saker:**

**Vedtak:** Ingen innkomne saker

**15. Arbeidsplan for 2014:**

**Vedtak:** Reidar Kallestad la fram forslag til arbeidsplan for 2014:

<http://www.nsg.no/arsmeldinger/category1023.html>

**16. Budsjett for 2014:**

**Vedtak:** Nils Inge Hitland la fram forslag til budsjett for 2014.

Stikkord for å auke inntektene er medlemsverving.

Styret la fram budsjett med underskåt på kr. 20.950.- for 2014

Terje Strandtun: Ser bra ut, bruk pengane til aktivitetar som Ny Giv

Einstemmig godkjent

**Avslutning:**

Nils Inge Hitland takkar for tilliten og eit godt årsmøte

Hordaland Bondelag takka for at dei fekk vara gjester under Årsmøte og for dei mange gode innspela.

Martim G Haugland

Gisle Fjæeide

Jan Tommy Midtgård

møteleiar

Tone Våg leiar NSG var gjest under Årsmøte til HSG og innlegg med tema:

**“Kor står vi – kor går vi”**

Stikkord frå talen:

- Rovdyr er vår utfordring
- Skal vi meir eller mindre fokus\*
- Som før
- Aktiv – beite – drift – føring – fjøs – utmarksbeite
- Store Arial – god dyrevelferd
- Avl
- Kvalitet – slakt
- Må bruka meir beite – mindre kraftfôr
- Må ha sau som klarar seg sjølv på beite
- HUGS: Stå saman on NSG

Det blei og debatt om tilskotsordninga for småfe som det er snakk om skal leggest om i ny jordbruksavtalen.

Her spelar HSH inn forslag til forhandlingspartane.